

# Kommunedelplan Fossbergom i Lom kommune

## Notat til regionalt planforum 25.04.2017

Etter 1. gongs offentleg ettersyn er det foreslått eit nytt grep når det gjeld parkeringsplassen for kyrkja, som er foreslått flytta frå Kyrkjevollen til ny plassering vest for kyrkja. Bakgrunnen for forslaget er todelt, dels for å skape rom for ein parkeringsplass med større kapasitet og betre/ sikrere trafikkorganisering, og dels for å få parkeringsplassen bort frå siktaksen mellom sentrumskjernen og kyrkja. Det ved fleire høve, m.a. i stadutviklingsplanen frå 2008, vore trekt fram at parkeringsplassen på kyrkjevollen ligg svært eksponert. I sommarsesongen er denne plassen full av parkerte turistbussar, campingbilar og privatbilar, noko som er visuelt uheldig og stenger for sikt mot kyrkja. I tillegg er kapasiteten på parkeringsplassen i minste laget i høgsesongen og har ei blanding av parkerings-, kjøre- og gangareal som ikkje er optimal sett ut frå ei målsetting om effektiv og trygg trafikkavvikling for alle.



Dagens parkeringsplass framfor kyrkja (Kyrkjevollen)

Ved flytting av parkeringsarealet kan dagens parkeringsområde på Kyrkjevollen frigjerast til grøntområde/ torgområde, sjå vedlagte perspektivillustrasjonar.

Framlegget medfører tap av om lag 4,5 daa dyrka jord, i tillegg til dei ca 2 daa som går bort for utviding av kyrkjegarden nemnt nedanfor. At det er prestegardsjord som blir nedbygd blir vurdert som spesielt uheldig fordi kyrkja og dyrkamarka kan seiast å vere deler av eit heilheitleg kulturmiljø.

**Under politisk behandling før 2. gongs offentleg ettersyn vart det vedteke eit nytt forslag om å også flytte bussterminalen frå dagens plassering på sørsida av Bøvre til nytt parkeringsareal vest for kyrkja.** Totalarealet må da utvidast noko i forhold til det som er nemnt ovanfor. Framlegget er ikkje teikna ut/ lagt inn i planforslaget enno.

Bakgrunnen for forslaget er at dagens bussterminal er svært trong, med dårleg organisering og til tider store trafikale problem på grunn av feilparkerte bilar i turistsesongen. Vegvesenet har planar om å ruste opp dagens bussterminal, men dette ligg ikkje inne i vegvesenets budsjett og handlingsplanen pr. i dag. Opprustinga var først planlagt med 4 bussoppstillingsplassar, men plassforholda på eksisterande bussterminal medførte reduksjon til 3 plassar.